

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

17. søndag i treeiningstida – 15. september 2024

Preiketekst: Luk 7,11-17

Lesetekst I: 1 Kong 17,17-24

Lesetekst II: 1 Kor 15,35-45

Haustens påskedag

Haustens påskedag blir denne søndagen gjerne kalla. Alle tekstene knyter seg til håpet om oppstode – og i sin konsekvens om evig liv. Det startar med den kjende fortellinga om profeten og enka sin son i Sarepta der Elia blir stadfesta som ein profet som forkynner sanninga frå Gud. Den same reaksjonen, at Jesus må vere ein stor profet, kjem når Jesus i evangelieteksta gir ei anna fattig og svært utsett enke sonen tilbake frå døden. Samtidig skal vi sjå at teksta gir signal om at han som handlar her, er langt større enn Elia.

«Inderleg medkjensle»

Lukas er aleine om å gi oss denne fortellinga. Den passar godt i mønsteret hans av Jesus som viser særleg omsorg for utsette kvinner. Enkestand var i seg sjølv ikkje berre ei emosjonell, men ei sosial tragedie for folk flest. Denne enka hadde ein son som var i alder til å kunne skaffe henne inntekt. «Neaniskos» er ein ung mann, som i fortellinga om den rike, unge mannen, eller om han som mista lendeledet sitt under flukta frå Getsemane. Eller dei «unge mennene» som i følge Joels profeti skulle tale profetiske ord då Anden kom. Det er altså grunn til å rekne med at sonen var den sosiale livlina hennar, kanskje ein mann i 20-åra.

Situasjonen er altså hjarteskjærande, og då er det ikkje til å undre seg over at Jesus fekk «inderleg medkjensle» med enka. Dette uttrykket blir av William Barclay rekna som det sterkaste greske ordet for empati. Konkret spelar det på dei indre organa, slik vi ville snakke om at magen vrengr seg eller hjartet er i opprør. I evangelia blir det ofte brukt av og om Jesus når han ser folket i stor nød. Når det står om Jesus at han «gav» sonen til mor hans – nøyaktig det som Elia gjorde i Sarepta – stadfestar det nettopp Jesu omsorg for henne, og for oss, i livets mørkaste time.

Herren over dødens makt

Ved sidan av Moses var Elia den leiande profeten i den jødiske tradisjonen. Ingen av dei to fekk ei grav, men blei tatt hand om av Gud direkte. Til begge var det knytt løfte til endens tid om ein profet som var lik dei. Fleire gongar i NT blir det spelt på dette, som på forklaringsfjellet og i Openberringa. Johannes døyparen blir av Jesus tolka som den som oppfyller løftet om Elia, han som skulle gå framfor Herren og rydde veg.

Det større med Jesus kjem fram nettopp her. Der Elia bad til Gud, befalar Jesus livet tilbake med eit guddommeleg skaparord. Elia rydda Herrens veg. I denne fortellinga blir Jesus kalla «Herren» sjølv, «Kyrios», for første gang i Lukasevangeliet. Folket såg der og då berre profeten, slik vi les. Det kan gi ærefrykt nok. Lukas vitnar at apostlane såg Herren sjølv. Det dreiv dei til slutt til vedkjenning og tilbeding.

Samtida sin jødedom var ganske delt i synet på oppstoda. Dei politisk leiande saddukearane, som primært held seg til moselova og i mindre grad profetane, trudde ikkje på noko liv etter døden. Essearane trudde heller ikkje på ei kroppsleg oppstode, men ei form for åndeleg liv bak døden. Farisearane trudde på ei kroppsleg oppstode ved dommen på den siste dagen, slik Marta uttrykker det ved Lasarus sin død. Jesus og heile NT stadfestar den fariseiske posisjonen her, men med den vesentlege skilnaden at det evige livet er blitt tilgjengeleg her og no, i Jesus.

Fordi han har denne makta over døden, kan han også heve seg over reglar og bod som var viktige for dei mest lovtru jødane, til dømes når han tar på liket av denne ungdommen og slik blir rituelt urein. Når Jesus kommanderer døden bort, demonstrerer han at han også er Herre over lova og hennar bod og den som fjernar dei grensene vi set opp av reint og ureint. Han oppnar opp fellesskapet der vi avgrensar det.

I Jesu liv står denne fortellinga, saman med den om dotter til Jairus og om Lasarus, som frampeik på ei anna oppstode. I Lasarus-historia blir dette kopla direkte. Alle desse tre oppvekkingane har til felles at dei som stod opp, nokre år seinare døydde igjen. Dei stod ikkje opp med ein herlegdomskropp. Dei stod opp med forgjengelege kroppar, slik vi alle ein gong blei fødte med.

Teksta frå 1 Kor 15 minner oss på at i den endelege oppstoda skal det vere annleis. Då skal ingen av oss stå opp etter modell av enkesonen i Nain. Vi skal stå opp etter modell frå han som reiste opp den unge mannen. Jesus stod opp etter å ha vunne endeleg seier over døden. Det er det som er det kristne håpet. Og «håp» er ikkje eit usikker ord om det som mot alle odds kanskje kunne ha skjedd om vi fantaserer litt. Håpet er sikkert, fordi Jesus har overvunne døden.

Til preika

Ved forkynning over desse tekstene – og på denne dagen – er det fint, men på ingen måte nok å snakke om Jesu inderlege omsorg for oss i vår sosiale, erfarte og akutte nød. Dette er rett nok eit viktig poeng å få fram. Mellom tilhøyrarane vil det vere menneske som treng å vite akkurat det.

Vi bommar likevel om vi stansar der. Det er Herren sjølv som stig fram i ordet til oss, Herren over dødens makt. Den reelle brodden i døden er ikkje sorga eller saknet. Brodden er synda. Derfor må vi som skal lytte til forkynninga, få høyre det viktigaste av alt, at den siste fienden er overvunnen – på alle måtar. Den mektige døden som blir illustrert ved bortvisinga frå Eden, er overvunnen. Ved trua på Jesus har vi fått evig liv. Ved dåpen ser vi dette både illustrert og realisert, der vi blir eitt med Jesus i hans død og reist opp av vatnet til nytt liv i Den heilage ande.

Ordet om Jesus spreidde seg vidt utover på grunn av et som skjedde, les vi i evangelieteksta sitt siste vers. I det ligg også ei tydeleg utfordring til oss om å spreie evangeliet og forkynne

det sikre håpet, for jødar først, men i like stor grad til alle oss andre som elles er utan Gud og utan håp i verda.

Rolf Kjøde

førstelektor NLA Høgskolen

rolf.kjode@nla.no